



Staute og spreke!

**Frå Dag Hermansen fekk vi nyleg tilsendt nokre kjekke bilete av to fotballag frå ein god del år tilbake. Eg kjenner ein del av spelarane. Mellom anna har min kjære far, Knut Døsland(f.1910), keeperposisjon på lagbiletet under. Det kunne vore kjekt om einkvan kunne hjelpe oss med namna på alle spelarane.**

Vi oppfordrar dei som har namna om å skriva dei og senda dei til [uskedalen.no@gmail.com](mailto:uskedalen.no@gmail.com). Det er kanskje nokre som kjenner til kva anledning biletet vart teke, eller kan tidfesta det. Det er vi sjølv sagt interessert i.

Vi har fått gledeleg respons. Vi kjenner no namnet på alle spelarane, og det viste seg til slutt at det vart enkelt. Ein vaken lesar gjorde oss obs på at bileta hadde vore på [uskedalen.no tidlegare](http://uskedalen.no/tidlegare), for 4 år sidan. Dei har også vore presentert i Uskedalsposten. Kjekt gjensyn var det likevel, og vi takkar for engasjementet lesarane viste.

**Biletet over:**

Bak f.v.: Hjalmar Ljosnes, Norvald Kolltveit, Sverre Myklebust , Sivert Raudstein og Ivar Bringedal. Framme f.v.: Fritjof Kjosås, Johannes Rød og Lars P.Haugland.

**Biletet under er f.v.:**

Sivert Haugland, Jakob Myklebust, Sverre Arnesen, Fritjof Sunde, Andreas T. Haugland, Thor Myklebust og Edvard Myklebust.



Nok eit sprekt lag! Ser ut til å ha vore viktig kamp!

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Fotoeigar: Dag Hermansen